

Pumpekraftverk som vil råke Vinje og Tinn kommunar

Av Jarand Felland

Pumpekraft – herjing med naturen?

Statkraft SF og Norsk Hydro ASA vurderer å bygge pumpekraftverk i Tinn og Vinje kommunar.

Statkraft vurderer å byggje slikt kraftverk ved Tinnsjøen som henter vatnet frå Kalhovdfjorden. Det største alternativet vil vera om lag 5 ganger så stort som dagens Mår kraftverk.

Norsk Hydro ASA varsla 19. mai 2025 at selskapet vil vurdere å søke konsesjon for eit pumpekraftverk ved Tinnsjøen med inntak i Møsvatn.

Eit pumpekraftverk vil kunne pumpe vatn frå Tinnsjøen til reguleringmagasina. Eit pumpekraftverk har stor effekt, som gjer at mykje straum kan produserast på kort tid. For å produsere mykje straum på ein gong, trengst mykje vatn på kort tid. Forretningsmodellen for pumpekraftverk baserer seg på å utnytte prissvingningane i straum. Det inneber pumping når prisen er låg og stor produksjon når prisen er høg.

Isen på Møsvatn og Kalhovdfjorden

Møsvatn ligg 918 meter over havet og nesten heile vatnet ligg i Vinje kommune. Kalhovdfjorden ligg 1087 meter over havet i Tinn kommune. Både store fjellvatn på Hardangervidda. Isen på vatna blir brukt vinterstid av villrein, andre dyr og menneske til ferdsel. I dag blir desse vatna tappa gradvis ned frå november/desember til mai. Jamn nedtapping gjer at isen er relativt trygg vinterstid.

Dersom det skal pumpast opp mykje vatn om vinteren, vil isen bli meir utrygg. Det skuldast at vatn som blir pumpa opp, vil føre til at isen hever seg, og moglegvis vil isen kunne løsne frå land. Det vil såleis kunne vere ei stripe med vatn i overgangen mellom land og isen ein del stader.

Vatnet som blir pumpa opp vinterstid blir henta frå Tinnsjøen. Temperaturen i Tinnsjøen er noko høgare enn i Møsvatn og Kalhovdfjorden. I tillegg vil vatnet renne gjennom lange tunnelar på opp til 34 kilometer. Temperaturen inne i fjelltunnelar er omlag 10 plussgrader om vinteren. Vatnet som renn gjennom desse tunnelane vil såleis bli litt varmare vinterstid. Vatn med høgare temperatur vil medføre meir utrygg is.

Isen legg seg normalt tidleg på desse vatna, gjerne i november avhengig av vertilhøva. Med pumpekraftverk vil det bli meir gjennomstrauming i vatnet. Islegging om seinhausten vil på grunn av meir sirkulasjon og høgare temperatur truleg skje seinare enn i dagens situasjon.

I sum kan pumping av store mengder vatn opp til fjellvatna medføre at ferdsel på isen blir vanskelegare og farlegare enn i dag langs utsette område av vatna.

Natur

Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) køyrde ein studie frå 1996 til 2000 med tittel: Sluttrapport for FoU-prosjektet «Effektregulering -Miljøvirkninger og konfliktreduserende tiltak». Prosjektet såg på kva verknader raskare nedtapping av vassmagasin har å seie for miljøet. I hovudsamandraget heiter det:

«Prosjektet har vist at døgnregulering kan medføre økt erosjon og blakking av vann i magasiner med fine sedimenter i strandsonen og der det stadig tilføres sedimenter fra nedbørfeltet.»

I eit lenger samandrag heiter det mellom anna:

«Økt partikkelkonsentrasjon og dermed redusert siktedyp har i mange tilfeller ført til nedgang i planteplanktonproduksjonen.»

«Hurtige reduksjoner i vannstanden gjør mer skade enn langsomme da bunndyrene ikke klarer å følge etter og dermed strander. Stranding av fisk knyttet til strandsonen må forventes ved raske vannstandsreduksjoner.»

NVE har såleis påvist at det er ein del negative verknader ved rask tapping av vassmagasin.

Naturleg vassføring i elvene Måna og Mår?

Då ein planla dagens kraftverk rekna utbyggerane med at det vil vere flaumoverløp eller tapping i dei naturlege elvane med ujamne mellomrom. Slik naturleg vassføring i elvane er bra for økologien og for å få renska opp i elveløp. Mange menneske synest også det er estetisk fint at elvene av og til har naturleg vassføring. Med pumpekraftverk vil det nesten aldri skje at det bli naturleg vassføring i Rjukanfossen/Måna eller Mår, sjølv i perioder med mykje vatn. Det skuldast at kraftverka har så stor kapasitet til å sluke unna alt vatnet.

Meir kraftlinjer og høgare nettleige

Store pumpekraftverk vil krevje fleire nye og større kraftlinjer. Fleire kraftlinjer vil kreve meir naturområde under linjene og soner inntil linjene. Det kan vere utfordrande for fugleliv og dyreliv.

Når kraftnettet må byggast ut tek vanleg folk og næringsliv mesteparten av den økonomiske kostnaden til bygging. Pumpekraftverk vil såleis medverke til at nettleiga til næringsliv og hushaldningar vil auke.

Kommunale inntekter?

Kraftinntekter skal mellom anna vere ein viss kompensasjon til kommunar for store naturinngrep som folk må leve med lokalt. Ved pumpekraft vil verknadene på naturen bli endå større. Det er uvisst om Vinje og Tinn kommunar vil få meir kraftinntekter som fylgje av dei to kraftprosjekta.

Erstatning til grunneigarar

Eit vasskraftverk inneber store inngrep for grunneigarar som blir råka. Eit vasskraftverk gjev også store inntekter til utbyggar over tid. Det har difor vore ein praksis for at grunneigarar skal få ein del av dei store verdiane som blir skapt. Eigiarar av område som blei neddemt og eigarar av elver med redusert vassføring har difor fått eit verdiskapings-tillegg på 25 prosent. Påslaget blir lagt til erstatningssummen. Regelen er i dag lovfesta i vassressurslova.

Eit pumpekraftverk vil medføre nye ulemper for grunneigarar blant anna langs Møsvatn, Kalhovdfjorden og Tinnsjøen og kanskje nedover i vassdraget mot Notodden. Desse grunneigarane kan ha krav på erstatning for sine skader, som meir utvasking, dårlegare istilhøve og dårlegare fiske mm.

Kraftselskapa vil ta ut ein prisgevinst ved å nytte vatnet fleire gonger. Fallrettseigar, som er grunneigar langs dei regulerte elvene, kan ha krav på ein del av denne tilleggsverdien, jf. regelen om 25 prosent påslag i erstatninga.

Avslutning

På grunnlag av det overståande må søknadene om pumpekraftverk vurderast grundig av lokalsamfunn/lokale politikarar og NVE/Energidepartementet før det eventuelt blir gjeve konsesjon til slike inngripande prosjekt.